

Grunngjeving årets sambygding på 5915

Prisen for 2017 går til ei gruppe som har gjort ein ekstraordinær innsats som kjem heile bygda til gode.

Utan å gjere noko nummer av det har dei drive ei verksemd på dugnad i ni månader. I lag med dei tilsette tok styret grep då verksemda stod utan dagleg leiar i ei kritisk tid. Styremedlemene troppa opp på skift og tok aktivt del i det daglege arbeidet og drifta, slik at dei tilsette kunne beholde jobbane sine og bygdefolket framleis kunne handla det dei trong.

I verksemdar elles er det ofte slik at styret gjer lite og får store summer i styrehonorar. Dette styret tek ikkje ut styrehonorar i det heile. Ja, det er jamvel dokumentert på film at det styremedlemene får i løn for årets innsats, er kvar sin is.

Dette styret har gjort at me framleis har 120 år gamle Hjelmås Handelslag i bygda. Innsatsen til styret er heilt utanom det vanlege, og har positive ringverknader for oss alle. Me skuldar dei alle stor takk.

Styret har saman med dedikerte tilsette berga butikken vår, og no blømer Hjelmås handelslag som aldri før med auka årsomsetning, overskot og utmerking som «Årets butikk».

Styret i denne perioden har vore: Styreleiar Jon Ole Sandvik, Lars Alvær Hagesæter, Tove Mette Fyllingen, Jarle Sæbø og Yngve Fyllingen.

Juryen har vore styret i Bygdelaget 5915

Bilete:

Styreleiar Jon Ole Sandvik saman med bygdelagsleiar Inger Helen Midtgård

